# Kyrkjelydsblad for Arna

NR. 1 • FEBRUAR 2009 • 42. ÅRGANG




Tenn eit lys for . . . . . (SE SIDE 13)



## Ny kyrkjelyds-undersøking for Arna kyrkjelyd

SJÅ SIDE 2 og 3

## Viktige kirkevalg i høst

SE SIDE 6 og 7



**YTRE ARNA OG ARNA KYRKJELYDAR**
Tlf. 55 36 22 70
Fax 55 36 22 79
E-post: arna.menighet@bkf.no
ytre.arna.menighet@bkf

**Postadresse:**
Arna kyrkjekontor
Pb 64 Indre Arna
5888 Bergen

Vil du gje ei gåve til kyrkjelydane?
Kontonummer Arna 3633 07 10831
Kontonummer Ytre Arna 3633 30 02625

**Besøksadresse:**
Arna kyrkjekontor
Lakslia 21, (Kyrkjelydshuset)
Indre Arna
Opningstid måndag til fredag 9 – 14

**Soknerådsleiar Arna: Ingmar Ljones**
**Soknerådsleiar Ytre Arna:**
**Tor Oddvar Holmefjord**

**Dei tilsette i kyrkjelydane**

**Sokneprest Jan Kåre Jakobsen**
Ådnavegen 15, 5260 Indre Arna
E-post: jan.jakobsen@bkf.no
Tlf: 55362274 - kontor
Tlf: 55240686 - heim

**Sokneprest Arne Mulen**
Gamlevegen 8, 5265 Ytre Arna
E-post: arne.mulen@bkf.no
Tlf: 55 36 22 75 – kontor
Tlf: 90 55 80 49 – mobil

**Kateket Cathrine Snipsøyr**
E-post: cathrine.snipsoyr@bkf.no
Tlf: 55 36 22 72 – kontor

**Kyrkjelydskonsulent Benthe Vevle**
E-post: benthe.vevle@bkf.no
Tlf: 55 36 22 73 - kontor

**Kantor i Arna Kristen Øgård**
E-post: kristen.ogaard@bkf.no
Tlf: 55 36 22 76

**Kantor i Ytre Arna Bjørn Bergmann**
E-post: bjorn.bergmann@bkf.no

**Kyrkjemusikar i Ytre Arna Astrid Husdal**
E-post: astrid.husdal@bergen.kommune.no

**Kyrkjemusikar i Arna og medarbeidarkoordinator Ytre Arna Hilde Rohde**
E-post: hilde.rohde@bkf.no
Tlf: 55 36 22 77

**Medarbeidarkoordinator for Arna Møyfrid Opheim**
E-post: moyfrid.opheim@bkf.no
Tlf 55 36 22 78

**Kyrkjelydsblad for Arna**
Postboks 64 Indre Arna
5888 Bergen

*Utgjevar:* Sokneråda i Arna
Redaktøransvar: Audun Magne Stølås
*Lokal redaksjonsnemnd:*
Tor Oddvar Holmefjord, Arne Mulen, Harald Haugsvær og Olav Vikse

**Blad nr. 2-09 kjem ut 26. mars.**
**Stoffrist er 9 mars.**
**tholmefj@broadpark.no**

**Vakthavende prest etter kl 17.00 og på søn- og helligdager: 95479157**



# Ny kyrkjelydsundersøking for Arna kyrkjelyd

**Arna sokneråd har vedtatt at det no er tid for å gjera ei ny kyrkjelydsundersøking. Kyrkjelyden gjennomførte ei tilsvarande undersøking i 2005, og det er som eit resultatet av den at vi det siste året har hatt som gjennomgangstema: "Frimodige i vår tid; hjelp til å setja ord på trua". No inviterer kyrkjelyden til å vera med på ei ny undersøking. Det er sokneprest Jan Kåre Jakobsen som seier dette til Kyrkjelydsbladet.**

*Kva er vitsen med å ta ei slik undersøking?*
- Å ta ei kyrkjelydsundersøking vil avdekka kva som er dei sterke sidene våre, og kva vi er svakare på. No er det i og for seg ikkje stor hjelp i å få svar på det. Vitsen med det heile er at svaret på undersøkinga skal liggja i botn når vi tenkjer strategi, og vera styrande for kva vi på ein særleg måte skal gripa tak i, neste periode.

*Kven er det som skal vera med på undersøkinga?*
- Dei som er med, svarar på eit omfattande spørjeskjema. Dei aller fleste spørsmåla gjeld ting som ein må ha vore med på for å kunna svara på. Difor legg ein tre kriterier til grunn: Dei som er med og svarar på spørjeskjemaet, skal 1) vera regelmessig *gudstenestedeltakar*. 2) Dei skal ha ei *teneste* i kyrkjelyden – det kan vera i gudstenestesamanheng, eller det kan vera ulikt arbeid blant born, unge, vaksne eller eldre, eller praktiske oppgåver. 3) Ein skal vera med i ei eller anna form for *gruppe* i kyrkjelyden.

*Vil dette seia at kven som helst som oppfyller dei tre kriteria, kan få vera med på undersøkinga?*
- Ja. Alle som fyller kriteria, er hjarteleg velkomne til å vera med, og vi ber dei melda seg til kyrkjekontoret innan 12. februar. For å sikra oss at vi har tilstrekkeleg mange, kan vi eventuelt òg utfordra folk som fyller kriteria, til å vera med på undersøkinga.

*Er det viktig at det er dei same som er med denne gongen som var med sist?*
- Nei, det er eigentleg ikkje så viktig. Dei som svarar på spørsmåla, er berre "symptomberarar", og til saman gir dei eit ganske dekkande bilete av korleis forholda er i kyrkjelyden.

*Kva er det eigentleg ein måler?*
- Undersøkinga måler ikkje kor vidt folk er "tilfreds" med kyrkjelyden eller ikkje. Å vera tilfreds er noko reint subjektivt, og kjensla av det kan variera frå dag til dag. Innfallsvinkelen er mykje meir "objektiv": Ein måler "kvaliteten" på fylgjande 8 ulike område:
*Leiarskapen.* Set leiarane i kyrkjelyden medarbeidarane (løna og uløna) i stand til å gjera ein god jobb? Blir dei sett og tatt vare på? Gir dei medarbeidarane del i "visjonen"? I så fall er kvaliteten høg.
*Tenestene/ oppgåvene.* Ingen er like gode på alt. Har vi "riktig person på riktig plass" i vår kyrkjelyd? Di betre dette er gjennomført, di høgare er kvaliteten.
*Truslivet.* Sjølvsagt kan ein ikkje måla sjølve trua, men så er det heller ikkje det ein måler. Ein undersøkjer korleis trua gjer seg gjeldande på ulike felt; gjennom engasjement i kyrkjelyden, i møte med medmenneske, i eige andaktsliv, erfaringar med Gud o.a.





**Biletet er av medlemane i *Nemnd for Naturleg kyrkjelydsutvikling.***
**Frå venstre: Kari Secher, Elisabeth Müller Lysebo, Jan Kåre Jakobsen og Gro Eman. I tillegg er Olav Vikse med i nemnda.**

*Strukturane* i kyrkjelyden. Dette går på det meir organisatoriske. Er strukturane tenlege? Blir ting skikkeleg planlagde? Finst det program for korleis ein skal ta vare på medarbeidarar, eller organisera besøkstenesta? Heng ting saman?
*Gudstenestene.* Er gudstenestene inspirerande opplevingar for deltakarane? Har deltakarane forventningar til gudstenesta? Opplever dei som kjem til gudsteneste forkynninga som relevant og "livsnær"?
*Gruppene.* Det er svært verdifullt å vera med i ei mindre gruppe der ein både kan oppleva sosialt fellesskap og snakka om livet og trua. Men det er ingen ting som tilseier at ei slik gruppe automatisk fungerer godt. Difor er spørsmålet: Er gruppene ein stad som gir hjelp til åndeleg vekst? Er dei i stand til å lukka nye inn i fellesskapet? Er gruppa ein stad der ein kan kjenna seg trygg og inkludert, og ta opp ting som opptar ein?
*Evangelisering/ korleis ein deler trua.* Korleis tar kyrkjelyden imot dei som går i kyrkje berre av og til? Korleis deler den enkelte trua si med andre? Er Jesus relevant? Får folk svar på spørsmål dei stiller?
*Relasjonane.* Blir folk inkluderte, eller er det tendens til klikkvesen? Blir folk oppmuntra, og er ein raus med ros? Korleis handterer ein konfliktar?
Det ligg etter kvart føre eit svært breitt grunnlagsmateriale for å hevda at der kvaliteten er høg, aukar oppslutninga. Ei ny undersøking er samtidig ei evaluering av dei tiltaka ein sette i verk som fylgje av den førre undersøkinga.

*Kor blir det av folkekyrkja i ei slik undersøking?*
- Dette er eit interessant spørsmål. Denne undersøkinga blir brukt over nær sagt heile verda. 50 000 kyrkjelydar i over 70 land, og frå alle kyrkjesamfunn har gjort undersøkinga ein eller fleire gonger. Og poenget er at undersøkinga ikkje presenterer ein "modell" eller ein fullkomen "mønster-kyrkjelyd" som andre skal prøva å etterlikna. Ho konsentrerer seg i staden om nokre allmenne og universelle prinsipp. I alle slags kyrkjer er det viktig at leiarane utrustar, at den enkelte får ha oppgåver som ein er "god på", og at relasjonane er optimale. Å arbeida etter desse prinsippa vil hjelpa ei baptistkyrkje til å bli ei betre baptistkyrkje, og ei luthersk folkekyrkje til å bli ei betre luthersk folkekyrkje.



**Korleis står det til med Arna kyrkjelyd?**

*Kvifor ikkje spørja dei som vanlegvis ikkje går i kyrkja?*
- Det er både nyttig og interessant å vita kva dei som ikkje går så ofte i kyrkja, meiner. Fleire har gjort slike undersøkingar; m.a. Rune Øystese ved Norsk Lærerakademi. Men føremålet med slike undersøkingar er annleis enn føremålet med den vi skal ta.

SEMINAR I YTRE ARNA:

# Rett mann på rett plass!

*Ten kvarandre, kvar med den nådegåve han har fått!* Slik les vi i 1. Petersbrev 4, 10. For ei tid tilbake hadde vi ei kyrkjelydsundersøking i Ytre Arna som viste at det er ganske mange i blant oss som er usikre på kva som eigentleg er deira utrustning og nådegåver. Ja, og kva er no eigentleg ei nådegåve?

Dette vil vi sette av ein ettermiddag til å fordjupe oss i, og vi inviterer til seminaret

## Rett mann på rett plass

laurdag 28. mars kl 14 – 17.30
i Ytre Arna kyrkjelydshus.

Soknepresten i Arna, Jan Kåre Jakobsen har helde fleire kurs om emnet i regi av Naturleg kyrkjelydsutvikling Norge, og han blir med oss denne ettermiddagen. Det blir undervisning om emnet, men vi får også høve til å fylle ut eit spørjeskjema, og resultatet vil gje kvar einskild ein tydeleg peikepinn på kva som er hans eller hennar spesielle utrustning og nådegåver.

Seminaret kostar kr 200, og då får du også boka *Nådegavenes tre farger*, som er ei svært nyttig og konkret bok om emnet.

Vi håpar mange vil sette av ettermiddagen og bli med oss. Seminaret er ope for alle.



**Det er dette vi vil unngå**

**TEMASERIE VÅREN 2009 I YTRE ARNA:**

# Utrustning, nådegåver og teneste

Denne våren vil vi gjennom temaserien i Ytre Arna fordjupe oss i utrustning og nådegåver. Vi er skapt ulike – for at vi skal passe saman! I tenestefellesskapet er skilnad ein rikdom. Vi er ulike lemer på ein kropp. Vi håpar at denne serien med gudstenester, møter og eit seminar skal gje deg hjelp til å sjå tydelegare kva som er di spesielle utrustning, kva som er dine nådegåver og kva meining det har for deg å bruke dette i tenesta i det kristne fellesskapet. Cellegruppene vil arbeide med dei same emna. Dette brukar å vere gode stunder, notér datoane og bli med!

### Du er verdifull

Gudsteneste i Ytre Arna kyrkje søndag 4. januar
Tale: Arne Mulen

### De skal få kraft

Generasjonstreff Haugland bedehus
søndag 25. januar kl 17
Tale: Audun Hjellvik

### Desse teikna skal følgje dei som trur

Generasjonstreff Ytre Arna bedehus
søndag 22. februar kl 17
Tale: Glenn Nordvarhaug

### Pakk ut dine åndelege gåver!

Gudsteneste i Ytre Arna kyrkje søndag 15. mars kl 11
Tale: Arne Mulen

### Seminar: Rett mann på rett plass!

*Ten kvarandre, kvar med den nådegåve han har fått.*
*1. Peter 4, 10*
Laurdag 28. mars kl 14 – 17.30 (Sjå eiga annonse)

### Om eg gir alt, men ikkje har kjærleik...

Møte på Haugland bedehus tysdag 14. april kl 17
Tale: Wenche Lunde

### De veit at tenesta i Herren er ikkje nyttelaus!

Venestemne i Ytre Arna bedehus torsdag 21. mai
(Kristi himmelfartsdag)
Tale: Audun Hjellvik



# Herrens miskunn varer evig!

*Anne-Lise Misje*
*Korsekretær i Korskolen Åsane Kirke*



**NYTT ÅR. Men Herrens miskunn varer.**
**(Foto: Wikimedia)**

Med disse ordene fra Bibelen, salme 136 i Det Gamle Testamentet, ønskes alle oss som bor i Arna og Åsane Prosti et GODT NYTT ÅR!
Fremfor oss ligger det Herrens År 2009 med forventninger og utfordringer. Ordet nytt er på kun fire bokstaver, men det rommer utallige tanker og ønsker. Vi kunne satt opp en lang liste med eksempler på hva vi håper dette "nytt" skal være. Det kan romme alt fra de store verdensomspennende problemstillingene til små hverdagslige saker.

På det personlige plan er det sunt og godt at vi ved et årsskifte gjør opp status. Noe vil vi ta med i det nye året, noe vil vi la ligge igjen i det gamle året. Det er flott å ønske andre og seg selv et godt nytt år.

Som menigheter har vi og mange ønsker for det nye året. Vi ønsker at enda flere små, unge og voksne skal komme til alle aktivitetene vi har i Arna, Ytre Arna, Eidsvåg, Biskopshavn, Salhus og Åsane kirker. Vi er alle sammen hjertelig velkommen til å delta i samlingene og aktivitetene. Menighetene gleder seg til ta imot nye barn og deres familier til dåp, lære nye konfirmanter i hva troen på Den Treenige Gud er og møte dere i sorger og gleder.

I salme 136 i GT er det et budskap som står ved lag om våre ønsker ikke skulle slå til. Guds løfte er evig. (les salmen Pris vår Gud og Herre stor, ved siden av som er en gjendiktning av salme 136. En nyttårsalme Norsk salmebok nr. 87)

Dette gjelder både for enkeltpersoner og menigheter. Gud er til stede når våre håp og ønsker brister. David skriver at Herrens miskunn varer evig fordi han erfarte det. Gud hadde lovet og Gud holdt sitt løfte.

Og ikke minst så står dette løftet fra Gud ved lag for oss også. Det er et løfte uten tidsavgrensing. Det gjelder ikke bare for 1.januar 2009, men hver dag hele 2009, ja faktisk i all evighet. Herrens miskunn forandres ikke av trender og konjunkturer eller tidsaldre. I Herrens miskunn kan vi leve livene våre. Dette står fast til evig tid !

Gud har skapt jorden, naturen, sol og måne, dyr og mennesker.

Gud er begynnelsen og slutten. Han er Alfa og Omega.

Gud har alt i sin hånd.

Herres miskunn varer evig!

1 Pris vår Gud og Herre stor,
han som skapte hav og jord.
*Omkved: For hans store miskunnhet*
*varer evinnelig, varer evinnelig.*

2 Se hans verk som evig står,
like herlig år for år.

3 Skjønne sol og måneglans
lyser for oss uten stans.

4 Stjernehær med himmelprakt
vitner om vår Herres makt.

5 Eng og åker, hav og myr
føde gir til folk og dyr.

6 Livets under mektig stort!
Alt har Gud i visdom gjort.

7 Lov og takk for glede, fred
som han sender til oss ned.
*Omkved: For hans store miskunnhet*
*varer evinnelig, varer evinnelig.*

Norsk Salmebok nr. 87
T: Salme 136 / Osvald Granborg 1976
M: Kinesisk melodi

# Oppslutningen om høstens kirkevalg kan avgjøre fremtidens kirke-ordning

Av Audun Stølås

**Skal biskopene og prostene i Den norske kirke etter 2011 velges av kirkelige organ som bispedømmeråd eller Kirkemøte eller skal de fortsatt utnevnes av regjeringen i kirkelig statsråd? Valgoppslutningen ved høstens valg av menighetsråd, bispedømmeråd og Kirkemøte kan være med å avgjøre dette spørsmålet.**



ÅSANE GAMLE KIRKE. Viktige elementer i statskirkeordningen blir videreført i den fremtidige kirkeordningen. (Foto: Audun Stølås)

10. april i fjor inngikk alle partiene på Stortinget, fra Frp til SV, en politisk avtale om det fremtidige forholdet mellom stat og kirke i Norge. Denne politiske avtalen har som formål *"at det igangsettes en prosess hvor partenes felles mål er at utnevning av biskoper og proster overføres fra kirkelig statsråd til kirkelig organ som kirkemøte eller bispedømmeråd".*

Ifølge avtalen er det er klar forutsetning for en slik kirkereform at valgoppslutningen ved de kirkelige valg blir styrket.

## Demokratireform

I avtalen blir dette uttrykt slik: "I samarbeid med Den norske kirke skal det gjennomføres en demokratireform, slik også Kirken har tatt til orde for, slik at kirkens organer får en sterkere demokratisk legitimitet og forankring hos kirkemedlemmene. Reformen gjennomføres med utgangspunkt i Bakkevigutvalgets innstilling. Reformen skal inneholde etablering av reelle valgmuligheter, økt bruk av direktevalg og kirkevalg samtidig med offentlige valg. Det bør gjennomføres forsøk med ulike ordninger som evalueres i samarbeid med kirkens organer, før Stortinget vedtar endelig ordning for valg til Kirkemøtet og Bispedømmeråd. Det legges til grunn at en tilfredsstillende demokratireform ut fra overnevnte forhold, er gjennomført i Den norske kirke i løpet av 2011."

For at kravet om økt oppslutning om de kirkelige valg kan bli innfridd, vedtok Kirkemøtet i november i fjor en rekke endringer av kirkevalgene som skal gjelde fra høstens valg. Blant endringene er:

- Samtidig med stortingsvalget
- Valgperiode på bare to år
- Tidligere nominasjonsprosess
- Stemmerett for 15-åringer
- Innslag av direktevalg til bispedømmerådene og Kirkemøtet

Første punkt er at høstens kirkevalg skal holdes på samme dag som stortingsvalget, mandag 14. september. Menigheter som ønsker det kan i tillegg ha søndag 13. september som valgdag.

Erfaringene fra tidligere menighetsrådsvalg viser klart at dette ene tiltaket, at menighetsrådsvalget blir holdt på samme dag som stortingsvalget, i seg selv fører til en betydelig økning i valgdeltakelsen ved menighetsrådsvalget. I 1997 var valgdeltakelsen ved menighetsrådsvalget i gjennomsnitt for hele landet på 3 prosent av kirkemedlemmene. I 2001 ble det økt til 3,6 prosent. Det året deltok en del menigheter i en prøveordning med å holde valget på samme dag som stortingsvalget. For disse menighetene steg valgdeltakelsen til 8,3 prosent. I de menighetene der det i tillegg ble sendt ut valgkort til kirkemedlemmene steg valgdeltakelsen ytterligere til 9,2 prosent.

Ved menighetsrådsvalget i 2005 ble det også gjort forsøk med å holde valget på samme dag som stortingsvalget. Dette var en frivillig ordning og interessen for å delta i forsøket var svært ulik i de forskjellige bispedømmene. I Hamar bispedømme var interessen stor. I dette bispedømmet var oppslutningen om menighetsrådsvalget det året på 9,2 prosent. Blant menighetene i Bjørgvin var interessen liten. Det ga en valgoppslutning på bare 3,7 prosent.



## Direktevalg

Hittil har menighetsrådsvalget vært det eneste valget i Den norske kirke som har vært et direktevalg. Det er så menighetsrådene som har valgt medlemmene til bispedømmerådene og dermed også til Kirkemøtet, i og med at Kirkemøtet i hovedsak er sammensatt av medlemmene av landets 11 bispedømmeråd. Ved høstens valg blir det endringer i dette, og endringene vil være ulike i de enkelte bispedømmer. I dag er det syv medlemmer i Bjørgvin bispedømmeråd. Fire av disse er såkalte leke medlemmer. Kirkemøtet var vedtatt å øke tallet på leke medlemmer i Bjørgvin med tre. I Bjørgvin skal tre av de leke medlemmene i bispedømmerådet velges ved direktevalg, mens de øvrige fire skal velges av menighetsrådsmedlemmene som før. I noen bispedømmer skal alle de leke medlemmene velges ved direktevalg.

## 15-åringer

Ved høstens kirkevalg blir stemmerettsalderen satt ned fra 18 til 15 år. Dette medfører at det samlete tallet på stemmeberettigete vil øke fra rundt 3 millioner til 3,2 millioner.

Det er også nytt at de som velges inn i menighetsrådene skal velges for to år. Hittil har valgperioden vært på fire år. Mange har synes at dette har vært mye. Ikke minst gjelder det personer som har sittet i menighetsråd i en periode og har vurdert å gå på en ny periode.

## Trenger 30.000

Kirkemøtet håper at den kortere valgperioden vil få flere til å si ja når de blir spurt om å stille til valg i menighetsrådet. For det er mange personer som må si ja dersom valglistene rundt i landets 1.280 menigheter skal fylles. Til sammen trengs det 30.000 navn på valglistene. Det er et uttalt mål at 20 prosent av menighetsrådenes medlemmer er under 30 år.

For å få gjennomført høstens kirkevalg med de mange endringene på en god måte, trengs det god planlegging i de enkelte menighetene. I hver menighet skal det opprettes valgteam som skal lede valget, og de vil bli kurset i januar og februar måned. Valglistene skal være klare innen 15. mai. I tiden fra 10. august til 11. september er det mulig å forhåndsstemme ved kirkevalgene.

## Godt nok?

De politiske partiene har altså forutsatt en økt oppslutning om kirkevalgene for at de skal vedta endringer i kirkeordningen som overfører makten og myndigheten til å utnevne biskoper og proster til kirkelige organer. I en stortingsmelding fra april i fjor brukes ordet *"tilfredsstillende"* om denne oppslutningen. Men hvor stor må valgoppslutningen bli om den skal være tilfredsstillende for politikerne? Det sier de ikke noe om.



ÅPNE DØRER: Politikerne vil gjennom demokratireformen sørge for at kirkens dører blir minst like åpne i fremtiden som de er i dag. Bildet er fra Arna kirke. (Foto: Audun Stølås)

Men stat-kirke-forliket på Stortinget gjelder ut 2013. Det betyr at den kirkelige demokratiprosess vil få flere sjanser, både ved kirkevalgene i 2011 og 2013. Stortingspolitikerne har i forliket forpliktet seg til å endre kirkeordningen og Grunnloven dersom demokratireformen blir oppfylt.

Grunnlovens paragraf 2 skal endres til: *"Værdigrundlaget forbliver vor kristne og humanistiske Arv. Denne Grundlov skal sikre Demokrati, Retsstat og Menneskerettighederne."*

Grunnlovens paragraf 16 skal endres til: *"Alle Indvaanere af Riget have fri Religionsøvelse. Den norske Kirke, en evangelisk-luthersk kirke, forbliver Norges Folkekirke og understøttes som saadan af Staten. Nærmere Bestemmelser om dens Ordning fastsættes ved Lov. Alle Tros- og Livssynssamfund skal understøttes paa lige Linje.".*

## Videreføring

Den politiske avtalen innebærer at vesentlige elementer i statskirkeordningen skal videreføres:

1) Den norske kirke skal ha særskilt forankring i Grunnloven, jmf, ny § 16.
2) Den norske kirkes organisering og virksomhet skal fortsatt reguleres ved en egen kirkelov, uten at kirken defineres som eget rettssubjekt.
3) Staten skal fortsatt lønne og ivareta arbeidsgiveransvaret for biskoper, proster, prester og andre som tilsettes i kirkelige stillinger av regionale og sentrale kirkelige organer, dvs. at disse fortsatt skal være statstjenestemenn.
4) Den regionale og sentrale kirkelige administrasjonen skal fortsatt være en del av statsforvaltningen.
5) Forvaltningsloven og offentlighetsloven skal fortsatt gjelde for lovbestemte kirkelige organer.
6) Staten skal fortsatt sørge for at kommunene har lovbestemt plikt til å finansiere den lokale kirkes virksomhet.
7) Den kommunale representasjonen i kirkelig fellesråd videreføres som i dag.

# Bibeldagen 2009

## Glemte ikke bestemors bibelfortellinger

Lena (33) er medlem av sangkoret i en pinsekirke i nærheten av den russiske byen Rostov.

Atten år gammel havnet hun i et narkotika-miljø med tilhørende kriminalitet.

- Jeg brukte alle de rusmidler jeg kunne få tak i, og ble stadig mer ødelagt. Til slutt ble jeg nesten desperat. Da var det bestemors bibelhistorier og bønner dukket opp i hukommelsen, og jeg så opp mot himmelen og sa: «Gud, hvis du er til, vær så snill og hjelp meg ut av elendigheten!» Dette var på bursdagen min, jeg fylte 28 - og jeg fikk en uventet «presang».



**Lena ble reddet fra et narkotika-miljø av bestemors bibelfortellinger.**

- Jeg opplevde at jeg fikk hele livet rullet opp for meg. All min synd, alle mine feilgrep, og jeg mumlet: Jeg alene er skyldig i alt dette, jeg trenger tilgivelse, hvis det er mulig...

Og det var det. Jeg opplevde at noe skjedde med meg, en følelse av å bli satt fri, sier Lena, som gjennom en bekjent fikk høre om et rehabiliteringssenter for rusmisbrukere.

I fem år har hun nå deltatt i menigheten som driver senteret og blitt «bygget opp» som menneske.

- Jeg har fått et totalt nytt liv og brenner for at andre i samme situasjon som jeg var skal få erfare hva en omvendelse til Gud innebærer. Nå leser jeg i Bibelen hver dag og henter inspirasjon og veiledning. Og jeg takker for at jeg hadde en bestemor som åpnet Bibelen for meg, sier Lena.



## Bibelopplæring er nøkkelen

- Bibelopplæring er nøkkelen, sier Fader Andrej. Han er 37 år, og ortodoks prest i Murmansk.

- I Russland trenger vi å hente fram igjen våre kristne røtter. Da må Bibelen gjøres kjent, sier han.

Fader Andrej jobbet i mange år i den russiske marine. Det kom som et sjokk på familien da han forlot en lysende karriere i militæret for å bli prest. - Jeg fikk min første bibel fra en protestant under militærutdanningen, forteller han. - Den ble senere konfiskert av mine overordnede. Men i dag er situasjonen en annen, i dag brukes Bibelen også i militærutdanningen.

Fader Andrej driver bibelundervisning i kirken. – Jeg oppfordrer folk til å lese i Bibelen, vi driver søndagsskole og bibelstudier for ungdom i kirken. Bibelen er like relevant for folk i dag som på Jesu tid, sier Fader Andrej.

**Fader Andrej forlot jobben i den russiske marine for å bli prest**



## Propagandaen mot Gud slo feil



**En propaganda-artikkel i en gammel avis mot den kristne tro, førte til at Konstantin ble kristen.**

Konstantin (41) fra Sør-Russland forteller:

- Det var for tre år siden. Jeg hadde gjemt meg i skogen, på flukt fra politiet. Jeg gjorde opp ild ved hjelp av en gammel avis som jeg hadde plukket opp underveis. Avisa var fra 1973, og da jeg skulle sette fyr på den oppdaget jeg artikkelen som argumenterte mot Gud, med henvisning til Johannes evangelium 3,16 - også kalt «Den lille bibel». Jeg leste verset flere ganger, og det brant seg fast i hukommelsen min. Er dette sant eller ikke? tenkte jeg, og bestemte meg for å komme til bunns i saken.

### Et sant liv

- Hva skjedde videre?

- Jeg kontaktet en rusmisbruker som var blitt en kristen. Han forklarte meg at forandringen hans var et resultat av at Gud hadde sendt sin egen sønn for å sone alle menneskers synd. Her lå en mulighet som jeg ikke hadde hørt om før.

Jeg trodde at det angikk meg, og fikk virkelig erfare at Gud er til. Flukten ble avsluttet, og jeg fikk ordnet opp i forhold til myndighetene. Da hadde jeg fem fengselsopphold bak meg. Nå lærer jeg å leve et rett og sant liv, sier Konstantin, for tiden beboer på et nystartet kristent senter for rusmisbrukere.

### Får hjelp

Konstantin vokste opp langt øst i Russland. - Jeg bodde sammen med mor. Far har jeg aldri sett, og som tenåring begynte jeg å røke opium. Det utviklet seg til bare mer rusgift og kriminelle handlinger, sier han.

- Men det finnes et alternativ?

- Ja, gjennom Guds ord får jeg nå hjelp til å bygge meg opp som menneske. Derfor unner jeg alle unge å eie en bibel, den gir svar på de mest grunnleggende spørsmål i livet. Artikkelen som skulle motbevise at Gud finnes, ble for meg en veiviser til å oppleve det motsatte.

## Bibelen i verdens største land

Russland er vårt store naboland i øst, som strekker seg fra Finnmark i vest til Stillehavet i øst, over hele 11 tidssoner.
I 2009 markeres 20-årsdagen for Berlinmurens fall. Det ble innledning til store endringer i Øst som medførte sammenbrudd for både Sovjetunionen og de regjerende kommunistpartier.

- Kristendommen er dypt forankret i den russiske kultur, sier Nikolay Kournikov i Det russiske bibelselskap. – Men i dag er det mange som ikke kjenner Bibelen. Sju tiår med kommunistisk ateisme, så vel som dagens sekulære situasjon, gir oss store utfordringer i bibelarbeidet.
I takknemlighet over et åpnere samfunn i øst, og i en erkjennelse av at svært mye ennå er ugjort, samler vi inn midler til bibelarbeidet i Russland.

### Bibler til russiske skoler

Det er bred aksept i det russiske samfunn for at kristendommen er landets bærende religion, og for at Bibelen formidler verdier som det er nødvendig å kunne for å forstå landets historie, kultur og litteratur. I samarbeid med skolemyndighetene har Bibelselskapet satt sammen en pakke som består av bibler og undervisningsmateriell til bruk i skolene.

### Bibler til alle

Russland er verdens største land. Det er et stort behov for å distribuere bibler til øde steder i landet.

Mange mennesker er fattige av ulike grunner. Pensjonistene er hardt rammet, men også mange andre som ikke har fått del i velstandsutviklingen. Derfor er det behov for hjelp til å holde prisene nede slik at alle skal ha råd til å kjøpe seg sin egen bibel.

### Oversettelse

Det er mange etniske minoriteter i Russland. Bibelselskapet har tatt et spesielt ansvar for de store folkeslagene som ikke er russisktalende, slik at de også skal få Bibelen på sitt eget språk.
Det er også viktig å gi de små språkene oppmerksomhet, og barnebibel på kildin-samisk på Kola er her et eksempel.

Advokatfirmaet
Sigrun Pedersen
M.N.A.

Arv/arveavgift
Barnerett
Familierett – sambo/ekteskap.
Samlivsbrudd
Kjøp/salg fast eiendom – bolig/hytte.
Fri rettshjelp

Åsane Storsenter (tidl. Arken)
Tlf.: 55 18 86 00
advsigrun.pedersen@tele2.no

**SAMDALS**
BEGRAVELSESBYRÅ
**JONSVOLLSGATEN 1 55 90 19 80 hele døgnet**
*Kommer også hjem for samtale.*
Johannes Teigland – Marit Hamre

Ingvilds blomsteratelier
stilfulle kreasjoner
Tlf: 55 24 04 09
Erfaren blomsterdekoratør med fagbrev siden 1997 tar imot bestillinger og leverer blomster til alle anledninger. Gratis levering til Arna kirke.

**Åsane Begravelsesbyrå**
v/Johannes R. Blom
55189000 Døgnvakt
TERTNESVEIEN 99 (Hildes Blomster AS)

VI LEVERER I HELE BERGEN! www.toppeblomster.no
**TOPPE BLOMSTER**
*- fra hjerte til hjerte*
Åsane 55183625 Kilden 55137156 Oasen 55161688 Sletten 55282131

Koba Christensen
BEGRAVELSESBYRÅ
119 års erfaring - Din trygghet i en vanskelig tid.
- Gratis samtale i hjemmet
- Egen blomsteravdeling
- Alle prisklasser - forhåndspris
- Gravmonumenter

Dreggsallm, 5003 Bergen **Telefon: 55 300 800** post@koba.no, www.koba.no

**Stor blomsterbutikk**
*...med godt utvalg til alle anledninger.*
*Brudebuketter*
*Sorgbinderi m.m.*
**åsane hagesenter** Hageland
Tlf.: 55 39 56 00 - Fax: 55 18 28 05
E-mail: asane-hagesenter@oasenhageland.no

*Arna Gravferdsbyrå AS*
Lakslia 14
5260 Indre Arna
Ragnhild Thorsheim Kristing – Marit Hope
**Tlf. (hele døgnet) 55 24 08 08**




*Begravelsesbyrå i Åsane*
**Abbedissen**
begravelsesbyrå as
*Etter 17år i Fyllingsdalen har vi nå åpnet avdeling i Åsane*
*Myrdalsvegen 22 , 5131 Nyborg*
*Døgnvakt 55253100*
**www.abbedissen.no**
*Tilliten til oss vil bli godt ivaretatt*

**Riddersalen**
Liamyrene 14a, 5132 Nyborg
**Tempelridderordenen**
Riddertemplet "Olav Kyrre"
Lokaler for kurs, møter, konfirmasjon, minnesamvær og andre anledninger, i et rusfritt miljø.
Utleie se: www.tempelridderen.no eller mob.: 414 12 650

*Begravelsesbyrået for byen og distriktet*
**Solstrands**
Begravelsesbyrå as
www.solstrands.no
post@solstrands.no
**DØGNVAKT · 55 55 16 16**
Vår erfaring – din trygghet

*HUSK PÅ DÅPSBARNA !*
Gode bøker og god musikk får du hos
B&M Bok&Media
***Bok & Media Vestbok***
*Tlf: 55 31 79 63 - www.vestbok.no*

**RØRLEGGEREN I ÅSANE**
**917 50 414**
**JAN L. DANIELSEN A/S**
AUTORISERT RØRLEGGERMESTER
*Postboks 3, 5871 Bergen*
**- fagkunnskap gir trygghet**

**EIDSVÅG AUTO AS**
Aut. bilverksted • Karrosseri
Lakkeringsverksted
Eidsvågbakken 21 - 5105 Eidsvåg
MECA CAR SERVICE
GODKJENT VERKSTED
**Tlf. 55 25 10 20**

MATGLEDE I GENERASJONER
*Smørbrød, Catering, Selskapslokaler*
lekkerbisken
Salhusveien 175 • 5107 SALHUS
TLF. 55 53 80 20 • FAX 55 53 80 28
www.lekkerbisken.no

FØRERKORT KL. B
– Fornøyde kunder
– Trygge sjåfører
AKTIV
ERIK STEPHANSEN TRAFIKKSKOLE
**Tlf. 55 27 15 12 - 92 26 66 33**

**ASTRI VÅRDAL**
statsautorisert revisor
Postb 109 Ytre Arna, 5889 BERGEN
Tlf: 55 53 14 94 • Fax: 55 53 14 96
epost: astri@vaardal.no

**Bygg og Ventilasjon AS**
KOBBER- OG BLIKKENSLAGERMESTER
Postboks 3 Mjølkeråen, 5878 Bergen,
Tlf.: 55 19 78 60 Fax: 55 19 37 04
E-mail: post@bov.no - www.bov.no

SALG • MONTERING • SERVICE
**TeleSat International**
- Canal Digital
- Viasat
- RiksTV

info@telesat.no • www.telesat.no
Tlf. 55 39 97 64, Jordalsveien 328, 5105 Eidsvåg i Åsane

TRESeksten
**BIBLER - BØKER - MUSIKK - DVD - KORT - GAVER**
Åsane senter 42 (rulletrapp opp fra Sport1)
TLF.: 55 19 82 00

*I alvor og fest Roalds mat er best*
**Roald's Kro**
www.roaldskro.net
Prøv vårt kjøkken. Vi leverer snitter, koldtbord og middager
Tlf.: 55199740 Fax: 55199741 roaldskro@hotmail.com

**ARCTIC DESIGN**
KJØKKENSENTER
- *kjøkken*
- *bad*
- *garderobe*

**Telefon 55 53 98 40 • Telefaks 55 53 98 41**
**arcticdesign@online.no • www.arcticdesign.no**

**DIN TAKSTMANN**
Verdi- og lånetakster • Bolig- og næringseiendom • Tilstandsrapporter
Skadetakst • Skjønn • Vedlikeholdsplanlegging • Boligsalgsrapport
**Tlf. 55 18 48 86 • Mob 901 68 383**
**Byggmester Gunnar Espelid**
g-espeli@online.no

Få de beste betingelsene
Som Fordel Pluss-kunde får du de beste betingelsene på våre tjenester og en fast kontaktperson. Ønsker du å vite mer om vårt Fordelspro-gram? Ta kontakt med oss.
Gjør det mulig
Indre Arnavei 175
Arna
Tlf.: 06001
nordea.no
Nordea

Advokatfirmaet
***Sigrun Pedersen***
M.N.A.
**Arv/arveavgift**
**Barnerett**
**Familerett –**
**sambo/ekteskap.**
**Samlivsbrudd**
**Kjøp/salg fast eiendom –**
**bolig/hytte.**
**Fri rettshjelp**
**Åsane Storsenter** (tidl. Arken)
**Tlf.: 55 18 86 00**
advsigrun.pedersen@tele2.no

Hobbyhuset
– i kjelleren til Lekkerbisken i Salhus.
Vi fører det meste innen hobby, arrangerer kurs og har mange fine gaveartikler. Vi fører også aplakka-garn
**Velkommen til en kreativ prat!**
Åpent 10-16 (lø. 10-14)
Tlf.: 55 53 16 55

**Vi har ledig annonseplass!**
**Ta kontakt med Torill på**
**995 50 787**

# Gave til menighetsbladet

I dette nummeret av menighetsbladet vil du finne en giro som du kan benytte om du ønsker å gi en gave til menighetsbladet. Vi er avhengig av gaver for å kunne utgi menighetsbladet og er takknemlig for det du vil gi.
Vi har satt et beløp på 250 kroner på giroen. Hvis det er et beløp som ikke passer for deg, kan du bare endre det til det som du vil gi.
Dersom du ønsker skattefradrag for din gave til menighetsbladet, må du stryke KID-nummeret og skrive ditt personnummer i merknadsfeltet på giroen.
Gaver på til sammen 500 kroner i løpet av ett år til samme mottaker er skattefrie.

# "Ikke vent på rød lapp"



Fornying av gravene har vært oppe i media en del ganger og vi har derfor noen spørsmål til Inghild Hareide Hansen, leder for gravferdsforvaltningen ved Bergen kirkelige fellesråd.

Hvor lenge kan en beholde en grav? *Det kom ny lov i 1997. Fra og med da ble alle nye urnegraver gratis i 20 år og alle kistegraver gratis i 25 år. De som er bosatt i kommunen fikk rett på fri grav, det vi kaller frigraver.*

*Etter frigravsperioden får den ansvarlige for graven tilbud om å feste graven for 5, 10 eller maksimalt 20 år. Det er mange som benytter seg av dette.*

Hvordan varsler dere de pårørende om at festetiden eller frigravstiden er gått ut? *Der fester er registrert i gravregisteret, skriver vi brev med tilbud om å fornye. Dessverr e er det fra tidligere tider ikke vært registrert i gravprotokollene hvem som er fester. På bakgrunn av det annonserer vi også i avisene og har oppslag på kirkegården. Mange har vel sett de røde lappene som er satt opp på noen graver. Det er graver hvor vi ikke har registrert fester og vi etterlyser pårørende, slik at de kan fornye feste på graven..*

Hvorfor røde lapper? *Den røde lappen er en sikkerhetsventil. ½ år etter at festetiden utløper vil graven og gravminnet med gravutstyr gå tilbake til kirkegårdens eie. Vi ønsker å gi et siste varsel om at fester ikke er registrert og at festeavgift ikke er betalt. Dersom du har en grav som du er usikker på om er betalt for, og ønsker å beholde, så må du ikke vente på de røde lappene. Har du ansvar for en grav som du er usikker på, så ta kontakt med gravferdsforvaltingen ved Bergen kirkelige fellesråd, som har oversikt over dette. De røde lappene brukes bare i en overgangsperiode, til vi har alle festere registrert i gravregisteret.*

# Evaluering av menighetsbladet

Det er snart gått tre år siden de første menighetsbladene i Biskopshavn, Eidsvåg, Salhus, Åsane og Arna kom ut gjennom et samarbeidsprosjekt. I september 2006 kom de første bladene i dette prosjektet ut. Det var da bestemt at dette var en prøveordning på tre år og at ordningen skulle evalueres etter denne perioden.
Styret for menighetsbladene har sendt brev til de menighetsrådene som er med i prosjektet med tilrådning at ordningen med delvis felles menighetsblad fortsetter som en fast ordning. Det blir da lagt til grunn som en forutsetning at alle menighetene som i dag er med i samarbeidet fortsetter med det. De enkelte menighetsrådene skal i vår gjøre sine vedtak i saken. Uansett utfallet av denne prosessen vil menighetsbladene etter denne ordningen utkomme i hele 2009.

## Fasteaksjon 31. mars

Kirkens Nødhjelp vil gjennomføre sin fasteaksjon over hele landet 31. mars. På denne dagen vil du få besøk av en bøssebærer fra din lokale menighet som vil samle inn penger på vegne av Kirkens Nødhjelp. Menighetsbladet vil komme tilbake med mer om fasteaksjonen i neste nummer.

Hvordan har du det...
EGENTLIG?
Krisetelefon 815 33 300
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no
Kirkens SOS
ET MENNESKE Å SNAKKE MED NÅR LIVET ER SOM VERST



815 33 300
NETT
Kirkens SOS

**Kirkens SOS, som er menighetenes egen krisetelefontjeneste, - trenger frivillige medarbeidere. Den frivillige skal ikke finne løsninger eller gi råd, men skal være en lyttepost for den som trenger noen å dele sin smerte med.**

Vi vet at dette tilbudet betyr svært mye for svært mange!

"På tross av at vi aldri har besvart så mange samtaler som nå, opplever vi at enda flere prøver å ringe men ikke får svar! Vi ønsker at så få som mulig skal oppleve at alle telefonlinjene er opptatt. Til dette trengs det flere frivillige" sier Karl Dag Bærug i avdeling Bjørgvin.

Han inviterer interesserte til innføringskurs som starter 3. mars. Kontakt Kirkens SOS i Bjørgvin for mer informasjon.

***Tlf. 55 32 58 45 (kontor dagtid) eller mob. 480 35 841 (kveld/helg).***

Karl Dag Bærug
Kirkens SOS i Bjørgvin

# *Vet du at.....*

Arna kirke er åpen for bønn og stillhet de tre første fredagene hver måned mellom kl 18 og 19 ?

Da er det anledning til å be sammen, bli bedt for, tenne et lys eller om du vil, bare være der i stillhet.

Alle som har anledning og som ønsker det er hjertelig velkommen.

Det er en fin måte å få lov og legge det en har på hjerte fram for Gud, og samtidig starte helgen i bønn og fellesskap.

Den siste fredagen i måneden er det tverrkirkelig bønnesamlinger til samme tid.

*Denne våren er samlingene:*

27.februar: Betania bedehus Lone
27.mars: Ytre Arna kirke
24.april: Arna Misjonsmenighet
29.mai: Espeland Misjonsmenighet
26.juni: Takvam Kapell
31.juli. Unneland bedehus.



Bønnekroken i Arna kirke.

# Besøkstenesta i Arna treng fleire besøksvener!

Mange sjuke og eldre set pris på at nokon stikk innom av og til for å prate, drikke kaffi eller gå ein tur. Besøkstenesta treng fleire som kan ta slike oppdrag.
Det einaste som krevst er at du kan setje av nokre timar omlag ein gong for månaden eller etter avtale. Du treng ikkje binde deg for meir enn eitt år av gongen.
Vi ønskjer oss besøksvener i alle aldrar, og oppfordrar særleg menn til å ta besøksoppdrag!

*Er dette noko for deg?*
Ta gjerne kontakt med leiar for besøkstenesta Kari Claussen, tlf. 55 24 12 20 eller kyrkjekontoret på tlf. 55 36 22 73.

## Familieklubben og Arna kyrkjes Barnekor

(frå 1. klasse) møtest i kyrkjelydshuset kvar tirsdag kl. 17.30.

Barn i alle aldrar er velkomne til song, leik, andaktsstund og ulike aktivitetar.

# SLEKTERS GANG

## Døpte

**ARNA SOKN**

**23.11.2008**
Harald Ekroll Kvalsund
Martha Johanne Sande Litlekalsøy
Mia Celine Garnes Selvik
Maria Gundersen Kjeilen
Brynjar Birknes
Nicklas Haga Pedersen
Olivia Stang

**30.11.2008**
Mille Marì Nøkling Sæle

**14.12.2008**
Maren Tveitevåg

**21.12.2008**
Isabell Mia O`Donnell
Lilly Alisa O`Donnell

**28.12.2008**
Benjamin Lodtz Hauge

**11.01.2009**
Heine Wilhelm Grung
Johanne Rohde

**YTRE ARNA SOKN**

**23.11.2008**
Johan Jakobsen Kalvik

**18.01.2009**
Leander Bødtker
Aurora Skjelland Holthe

## Døde

**ARNA SOKN**

**26.10** Nancy Mathilde Strømme
**28.10** Anna Herfindal
**31.10** Kåre Reidar Halland
**02.11** Johan Torp
**01.11** Lilly Mjeldheim
**06.11** Kristian Bertin Akselberg
**09.11** Malfrid Katinka Vassdal
**22.11** Per Heggem
**27.11** Randi Johanne Fjellanger
**01.12** Nils Johan Svardal2
**02.12** Olav Thunes
**15.12** Mary Sunde
**23.12** Johannes Malvin Endresen
**26.12** Gerd Brenne Borge
**30.12** Ingeborg Veseth
**30.12** Erling Kippersund
**02.01** Kari Fivelsdal
**04.01** Eline Olga Fjelde
**08.01** Ågot Garnes

**YTRE ARNA SOKN**

| | |
|---|---|
| **14.11** Astrid Rolland | f. 1917 |
| **19.11** Margit Romslo | f. 1926 |
| **07.12** Gudmund Fotland | f. 1923 |
| **17.12** Karl Fjelde | f. 1921 |

*Ein av dei mange gode tradisjonane i Ytre Arna er at vi samlast frå alle dei ulike forsamlingane i bygda til ei felles markering av Bibeldagen. Det er difor med stor glede at vi innbyr til*

## Økumenisk feiring av Bibeldagen i Ytre Arna

**søndag 8. februar kl 11**
**i Betania (pinsemenigheten)**

Song v/Amasing

Tale ved institusjonsprest
Idar Simonsen

Presentasjon av årets Bibelprosjekt

Eige opplegg for borna

Forfriskningar

Bøn kl 10.30

Alle er hjarteleg velkommen

## Bli med på kyrkjelydsundersøking!

- Du er regelmessig gudsteneste deltakar
- Du har ei teneste i kyrkjelyden
- Du er med i ei gruppe i kyrkjelyden



Arna kyrkjelyd inviterer deg
til å bli med på ny kyrkjelydsundersøking.

**Meld frå til kyrkjekontoret innan 12. februar.**

Tlf 55 36 22 74/ e-post: jan.jakobsen@bkf.no

***Arna kyrkjelyd ein sunn kyrkjelyd?***

## Felles bibeldagsgudsteneste i Arna kyrkje

**8. februar kl. 11.00**

Forkynning tilrettelagt for born.
Presentasjon av bibeldagsprosjektet:
Bibelmateriell til Russland.

Song av Keryx. Offer til prosjektet.

*Arna kyrkjelyd, Arna misjonsmenighet,*
*Espeland misjonsmenighet, Arna bedehus,*
*Tunes bedehus*

# Velkomen til kyrkje

**Sundag 08.02.2009**
SÅMANNSSUNDAGEN *Luk. 8,4-15*
**ARNA KYRKJE** kl. 11:00
FELLES BIBELDAG. Takkoffer til Det Norske Bibelselskap.

**Sundag 15.02.2009**
KRISTI FORKLÅRINGSDAG *Matt. 17,1-9*
**ARNA KYRKJE kl. 11:00**
JAN KÅRE JAKOBSEN Familiegudsteneste. Takkoffer til Bergen Søndagsskolekrets. Dåpsskulen for 6-åringar. Dåpsfest for to- og treåringar. Dåp.
**YTRE ARNA KYRKJE kl. 11:00**
HØGMESSE ARNE MULEN
Familiegudsteneste. Barnas misjonsdag. Takkoffer til Normisjon.

**Sundag 22.02.2009**
SUNDAG FØR FASTE *Luk. 18,31-43*
**ARNA KYRKJE kl. 11:00**
JAN KÅRE JAKOBSEN Dåp og nattverd. Konfirmantdeltaking: Dåp av konfirmantar. Sundagsskule Takkoffer til Arna kyrkjes barne- og ungdomsarbeid.
**TRENGEREID KAPELL kl. 11:00**
ARNE MULEN

**Sundag 01.03.2009**
1. SUNDAG I FASTE *Matt. 4,1-11*
**ARNA KYRKJE kl. 11:00**
ROLF RASMUSSEN. Nattverd. Takkoffer til Sjømannskirken - Norsk kirke i utlandet.
**YTRE ARNA KYRKJE kl. 11:00**
ARNE MULEN Nattverd
Takkoffer til Misjonsprosjekta.

**Sundag 08.03.2009**
2. SUNDAG I FASTE *Matt. 15,21-28*
**ARNA KYRKJE kl. 11:00** JON ABELSÆTH. Dåp Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

**Sundag 15.03.2009**
3. SUNDAG I FASTE *Luk. 11,14-28*
**ARNA KYRKJE kl. 11:00**
JAN KÅRE JAKOBSEN.
Familiegudsteneste. Nattverd Takkoffer til Redd Barna. Barnekoret.
**YTRE ARNA KYRKJE kl. 11:00**
ARNE MULEN Nattverd Takkoffer til Kyrkjelydshuset. Årsmøte etter gudstenesta

**Sundag 22.03.2009**
MARIA BODSKAPSDAG *Luk. 1,26-38*
**ARNA KYRKJE kl. 11:00**
JAN KÅRE JAKOBSEN
Konfirmantdeltaking. Dåp
Takkoffer til Arna kyrkjes barne- og ungdomsarbeid. Sundagsskule. Årsmøte etter gudstenesta
**TRENGEREID KAPELL. kl. 11:00**
ROLF RASMUSSEN

**Sundag 29.03.2009**
5. SUNDAG I FASTE *Joh. 11,45-53*
**ARNA KYRKJE kl. 11:00**
JAN KÅRE JAKOBSEN Nattverd
Takkoffer til Misjonsprosjektet.
**YTRE ARNA KYRKJE kl. 11:00**
ARNE MULEN Takkoffer til Kirkens Nødhjelp - fasteaksjonen.

**Sundag 05.04.2009**
PALMESUNDAG *Joh. 12,1-13*
**ARNA KYRKJE kl. 11:00**
JAN KÅRE JAKOBSEN Dåp
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

## BASAR

til inntekt for

**KYRKJELYDSHUSET I YTRE ARNA**
**LAURDAG 14. FEBRUAR KL 15.00**
i kyrkjelydshuset

ÅRESAL, LODDBØKER, MATØKT
ANDAKT V / ARNE MULEN

Velkomen til ein GRØN BASAR i ein GRØN kyrkjelyd !
Vi tek med glede mot gevinstar til basaren
Desse kan leverast på kyrkjekontoret,
i kyrkja eller til medlemene i soknerådet.

Tusen takk !

## *Prestens hjørne*



Av
JAN KÅRE JAKOBSEN

### DEMOKRATI OG ENGASJEMENT

Eg vil tru at dei fleste som les dette, har fått med seg at Stortinget i vår vedtok det som har blitt omtala som eit "historisk kyrkjeforlik": Biskopar og prostar skal ikkje lenger utnemnast i kyrkjeleg statsråd, men av kyrkjelege organ. Prisen kyrkja må betala, er at ho skal bli meir "demokratisk". I praksis vil det seia at fleire må delta i soknerådsvalet, og at det blir auka bruk at direkte val. Pakken omfattar òg grunnlovsendringar.

Soknerådsvalet har tidlegare blitt haldne etter ei gudsteneste. Det har vore få som har røysta, knapt 3% av dei røysteføre. Gong på gong har vi òg observert at mange av dei som deltar i gudstenesta, *går* når gudstenesta er ferdig – utan å delta i valet. Dette skal det altså gjerast noko med: Til hausten skal soknerådsvalet finna stad samtidig med stortingsvalet, og i eit lokale nær lokalet for stortingsvalet – i staden for i tilknyting til ei gudsteneste. Og tidspunktet nærmar seg no raskt.

Eg er ikkje berre optimistisk. Det kan godt henda at det til hausten vil bli ein del offentleg blest om den nye valordninga – fordi det er fyrste gongen. Men skal eg prøva meg som spåmann, spår eg at soknerådsvalet seinare vil drukna fullstendig i den politiske valkampen.

Og det kan godt henda at valdeltakinga vil gå noko opp, og det vil sjølvsagt vera gledeleg. Men det er ikkje dette som er det springande punktet: Utfordringa for kyrkja er ikkje fyrst og fremst at det er for få som røystar ved soknerådsval, men at for få engasjerar seg, prioriterar, tar ansvar og deltar. Mange *ynskjer* å ha eit litt uforpliktande forhold til kyrkja, og er komfortable med det. Det kan godt vera at fleire av desse vil røysta ved soknerådsvalet, når det er mogeleg å gjera det i eit lokale som ligg nær lokalet for stortingsvalet. Men det går ingen automatikk frå dette – til det at ein tar ansvar for store og små oppgåver i kyrkjelyden. Men dersom fleire hadde engasjert seg, og tatt ansvar, hadde valdeltakinga gått opp av seg sjølv. Garantert!

# MØT VÅRE TO KYRKJEMUSIKARAR

**Dei er kjende ansikt for mange av oss, men det er likevel på høg tid – og med stor glede – at vi presenterer dei i kyrkjelydsbladet, dei to musikarane som er tilsette i Ytre Arna kyrkjelyd.**

Tekst: Arne Mulen
Foto: Tor Oddvar Holmefjord

Bjørn Bergmann vart i sommar tilsett som kantor i Ytre Arna kyrkjelyd. Vi er glade for no å kunne rekne han som vår faste organist, men vi har jo lært han å kjenne sidan han har vikariert det meste av tida etter at Siri Brunvoll slutta hos oss. Bjørn vil vere vår faste organist i helger og speler elles til gravferder i Arna og Ytre Arna på tysdagar. Han er frå før ein travel mann, og har for tida berre høve til å arbeide i 30% stilling hos oss.
Astrid Husdal er engasjert dette skuleåret i 15% stilling som kyrkjemusikar. Ho dirigerer Koret på Sporet og organiserer forsongartenesta på gudstenestene våre.

- Fortel om dykkar veg inn i musikken.
- Det starta med skulemusikken i Sykkylven, fortel Bjørn. Der spelte eg trompet til eg var 18. Som 14-åring fekk eg smaken på orgel og mor mi køyrde meg til Ålesund kvar veke så eg kunne ta orgeltimar. Deretter har det handla mest om musikk. Som 19-åring kom eg til Bergen musikkonservatorium (i dag Griegakademiet), og vart kantor med tilleggsutdanning i kor og ensemble-leiing.
- Min veg inn i musikken starta som 3-åring i Yngste røster i Kyrkjekrinsen



Bjørn Bergmann



Astrid Husdal

bedehus, fortel Astrid med eit smil. Deretter vart det Mellomrøster og Unge røster. Som 17-åring vart eg dirigent i Unge røster, og det heldt eg vel på med i godt og vel 15 år. Då trengde eg ein pause, men eg har vel dirigert litt på barnekor-weekend og slikt innimellom.
Astrid spelar også gitar og piano. – Eg starta med pianospeling då eg var ni. Seinare kapra eg søskena mine sin gitar og fekk søndagsskulelærar Anne Grete til å lære meg nokre grep.
Kvifor valde du å søkje stillinga som kantor i Ytre Arna, Bjørn?
- Nei, sei det… Eg vart meir involvert og engasjert i kyrkjelyden då vi arbeidde med å skaffe nytt orgel og flygel i kyrkja. Eg trivst godt med desse instrumenta, og etter kvart som eg vart meir kjend med folka og kora, så tenkte eg at dette kunne bli bra. Ytre Arna har også eit fint musikkliv og eg vil spesielt trekke fram den felles julekonserten som ein flott tradisjon.
Det gjeld for begge at musikk betyr veldig mykje for dei.
- Musikk betyr svært mykje for meg i det kristne arbeidet. Eg kjenner meg aller nærmast Gud gjennom song og musikk, avsluttar Astrid.

## KYRKJESKYSS

***Treng du hjelp for å koma deg til gudsteneste?***
Trivelege sjåførar står klare til teneste! Ring i god tid, helst kvelden før.

**HAUKELAND**
**Olav Gunnar Borge, 55 24 01 72:**
8. februar – 1. mars – 22. mars
**Ingrid Hope, 55 95 01 11:**
15. februar – 8.mars – 29. mars
**Sverre Myklebust, 55 23 29 05**
22. februar – 15. mars – 5. april

**ARNATVEIT – INDRE ARNA – YTRE ARNAVEGEN**
**Odd Kjos, 55 24 17 82:**
8. februar – 1. mars – 22. mars
**Astrid Stødle, 55 24 11 00 / 991 58 863**
15. februar – 8.mars – 29. mars
**Jostein Monstad, 55 24 32 20**
22. februar – 15. mars – 5. april

**TUNES – GARNES**
**Kari Claussen, 55 24 12 20**
8. februar – 1. mars – 22. mars
**Malvin Klementsen, 55 24 29 56**
15. februar – 8.mars – 29. mars
**Leidulv Almenning, 55 24 25 52**
22. februar – 15. mars – 5. april